

MØTEBOK

Organ	Hovudutval for samferdsle
Møtestad	Gloppen Hotel, Sandane
Møtedato	15.03.2016
Kl.	10:00 – 16:30

Faste medlemer til stades: Noralv Distad, H
Gunhild Berge Stang, V
Arnstein Menes, Sp
Sigurd Reksnes, Sp
Gunn Sande, Sp
Helen Hjertaas, Ap
Harald Bjarte Reite, Ap
Stein Malkenes, MDG

Forfall til møtet: Bjørn Hollevik, H

Varamedlemer til stades: Ole Gunnar Krakhellen, H

Til stades med møte- og talerett: Velaug Veum

Sekretariat for møtet: Oddveig Hove

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 09.02.2016 vart godkjend utan merknader.

Munnleg orientering:

Ordførar Alfred Bjørlo – Samferdsleutfordringar i Eid kommune
Orientering og synfaring i Gloppen kommune v/Ordførar Leidulv Gloppestad –
Kollektivtrafikk og Netto- og bruttokontraktar i kollektivtrafikken v/Øystein Hunvik
Skredsikring -status fv 242 Skjerdalsbergi v/Svenn Finden

SAK 9/16 Serviceskyss 2016

VEDTAK:

Fylkeskommunen yter slik godtgjersle til følgjande serviceskyssar i 2016:

Aurland kommune	kr 100 000
Eid kommune	kr 150 000
Leikanger kommune	kr 180 000
Luster kommune	kr 200 000
Sogndal kommune	kr 250 000
Stryn kommune	kr 120 000
Vågsøy kommune	<u>kr 90 000</u> (flexitaxi)
Tilsaman	kr1 090 000

Sunnfjordpakken: 01.01.16-19:06.16: 20.06.16-31.12.16:

Askvoll kommune	kr 79 000	kr 147 000
Balestrand kommune	kr 93 000	kr 145 000
Gaular kommune	kr 116 000	kr 198 000
Gloppen kommune	kr 93 000	kr 225 000
Gulen kommune	kr 84 000	kr 185 000
Fjaler kommune	kr 79 000	kr 137 000
Flora kommune	kr 93 000	kr 126 000
Førde kommune	kr 47 000	kr 49 000
Hyllestad kommune	kr 75 000	kr 94 000
Jølster kommune	kr 70 000	kr 156 000
Naustdal kommune	kr 65 000	kr 163 000
Solund kommune	<u>kr 56 000</u>	<u>kr 139 000</u>
Tilsaman	kr 950 000	kr1 764 000

Dette gjev ei samla tildeling til serviceskyss på kr 3 804 000.

SAK 10/16 Søknad om forskottering av midlar til fullføring av reguleringsplan for fv. 60 Tomasgard - Røyarhus bru i Hornindal kommune

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding, hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding, fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Søknaden om forskottering vert ikkje imøtekomen, då søknaden er ikkje i samsvar med fylkestinget sine retningslinjer for forskottering.

Endringsframlegg:

Senterpartiet, Arbeidarpartiet, Høgre og Venstre sette fram slikt framlegg til tilråding:

- 1 Hornindal kommune får løyve til å forskottere 2 mill. kr til å fullføring av reguleringsplan for strekninga Tomasgard – Røyarhus bru på fv. 60.
- 2 Refusjon av forskotteringsmidlane skjer ved oppstart av første delprosjekt på strekninga med inntil 2 mill. kr i høve til faktisk forbruk ekskl. mva. og utan kompensasjon for prisstigning og renter på eventuelle lån.
3. Dersom prosjektet ikkje er starta opp innan 2026, vil forskotteringa ikkje bli tilbakebetalt.
- 4 Kostnadene med refusjon på inntil 2 mill. kr skal dekkjast innanfor ramma til fylkesveg.
- 5 Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå forskotteringsavtale med kommunane.

Avrøysting:

Framlegget frå fylkesrådmannen fekk ei røyst, Stein Malkenes MDG og fall
Framlegget frå Senterpartiet, Arbeidarpartiet, Høgre og Venstre fekk 8 røyster og vart vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding, Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

- 1 Hornindal kommune får løyve til å forskottere 2 mill. kr til å fullføring av reguleringsplan for strekninga Tomasgard – Røyarhus bru på fv. 60.
- 2 Refusjon av forskotteringsmidlane skjer ved oppstart av første delprosjekt på strekninga med inntil 2 mill. kr i høve til faktisk forbruk ekskl. mva. og utan kompensasjon for prisstigning og renter på eventuelle lån.
3. Dersom prosjektet ikkje er starta opp innan 2026, vil forskotteringa ikkje bli tilbakebetalt.
- 4 Kostnadene med refusjon på inntil 2 mill. kr skal dekkjast innanfor ramma til fylkesveg.
- 5 Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå forskotteringsavtale med kommunane.

SAK 11/16 Søknad om ruteløyve Flåm - Gudvangen, Lustrabaatane

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

Lustrabaatane får tildelt ruteløyve på strekninga Flåm – Gudvangen på følgjande vilkår:

- a) Ruteløyvet gjeld i 10 år frå 01.05.16 til 30.09.25.
- b) Ruta skal gå i perioden 01.05 – 30.09.
- c) Krav til god vandel og tilfredsstillande økonomisk evne skal vere oppfylt i samsvar med til ei kvar tid gjeldande regelverk.
- d) Rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i fartøyet og visast fram ved ein eventuell kontroll.
- e) Fartøyet som vert nytta i rutedrifta skal til ei kvar tid fylle gjeldande vilkår stilt av sjøfartsstyresmaktene.
- f) Endring i rutetidene skal godkjennast av samferdsleavdelinga.
- g) Det må ligge føre skriftleg avtale mellom Lustrabaatane og eigar av dei ulike kaiane på dei klokkesletta det vert søkt om ruteløyve.

Endringsframlegg:

MDG sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Saka utsettast inntil samferdsleministeren har gjeve svar på spørsmål frå MDG i Stortinget.
2. HS ber administrasjonen starte eit arbeid for å *sette eit øvre tak for kor mange ruteløyve som kan delast ut når det gjeld kommersielle ruter på strekninga Flåm – Gudvangen.*
2. HS ber administrasjonen utarbeide konkrete miljø- og utsleppskrav til kommersiell båtrutetrafikk på strekninga Flåm-Gudvangen.
3. Sak 11/16 handsamast på nytt i HS når rammevilkåra i punkta 1-3 er komne på plass.

Avrøysting:

Framlegget frå MDG om utsetjing fekk ei røyst, Stein Malkenes, og fall.
Framlegget frå fylkesdirektøren fekk 8 røyster og vart vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Lustrabaatane får tildelt ruteløyve på strekninga Flåm – Gudvangen på følgjande vilkår:

- a) Ruteløyvet gjeld i 10 år frå 01.05.16 til 30.09.25.
- b) Ruta skal gå i perioden 01.05 – 30.09.
- c) Krav til god vandel og tilfredsstillande økonomisk evne skal vere oppfylt i samsvar med til ei kvar tid gjeldande regelverk.
- d) Rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i fartøyet og visast fram ved ein eventuell kontroll.
- e) Fartøyet som vert nytta i rutedrifta skal til ei kvar tid fylle gjedande vilkår stilt av sjøfartsstyresmaktene.
- f) Endring i rutetidene skal godkjennast av samferdsleavdelinga.
- g) Det må ligge føre skriftleg avtale mellom Lustrabaatane og eigar av dei ulike kaiane på dei klokkesletta det vert søkt om ruteløyve.

SAK 12/16 Klage rutetilbudet Alden

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

- 1 Rutetilbudet mellom Alden og Værlandet frå 20. juni 2016 er i samsvar med det fylkeskommunale minstetilbudet med båt. Klagen vert difor ikkje teken til følgje. Det vert elles vist til referat frå drøftingsmøte med Askvoll kommune.

Endringsframlegg:

Hovudutvalet sette fram slikt framlegg til tillegg:

Det vert elles vist til referat frå drøftingsmøte med Askvoll kommune.

Avrøysting:

Framlegget frå fylkesdirektøren med tillegget frå hovudutvalet vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

- 1 Rutetilbudet mellom Alden og Værlandet frå 20. juni 2016 er i samsvar med det fylkeskommunale minstetilbudet med båt. Klagen vert difor ikkje teken til følgje. Det vert elles vist til referat frå drøftingsmøte med Askvoll kommune.

**SAK 13/16 Skriv og meldingar, Hovudutval for samferdsle
15.03.2016**

- 1: Drøftingsmøte rutetilbud Alden
- 2: Anbud på fylkesvegferje Daløy - Haldorsneset frå 01.01.2019
- 3: Utdrag notat frå SVV til SFFK Daløy - Haldorsneset

Merknad:

Hovudutvalet tek notatet til orientering. Opsjon på rutetider må takast opp med Solund kommune. Målet er å oppretthalde rutetilbudet på dagens nivå.

- 4: Norges Automobil Forbund (NAF)avdeling Fjordane og Ytre Sogn og vegen vidare for Førdepakken
- 5: Norges Automobil-Forbund - NAF avd. Fjordane og ytre Sogn og vegen vidare for Førdepakken.
- 6: Fjordvegen. Årskonferanse – Arnstein Menes deltek
- 7: IS Fjordvegen Rute 13 – Arnstein Menes, SP vart valgt til styremedlem
